



# Førde kommune

**Arkiv:** FE - 205  
**JournalpostID:** 18/27469  
**Sakshandsamar:** Østenstad, Ole John  
**Dato:** 13.09.2018

## Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
032/18	Formannskapet	20.09.2018
	Bystyret	

## Førdepakken - bomtakstar for nullutsleppskøyretøy (elbilar og hydrogenbilar)

### Vedlegg i saka:

13.09.2018	Prop. 87 S (2017–2018)	305733
13.09.2018	Vedlegg Trafikk og inntektsdata 2018 pr juli	305734

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Førde bystyre tilrår Statens vegvesen å innføre betaling for nullutsleppskøyretøy ved bompasseringar i Førdepakken. Satsen for køyretøy i takstgruppe 1 bør vere 50% av takst etter brikkerabatt.
2. Førde bystyre ber Statens vegvesen og Ferde AS starte prosess for lokalpolitisk handsaming med sikte på endeleg vedtak så snart som mogeleg.

### 20.09.2018 Formannskapet

#### Handsaming:

Samrøystes tilråding

#### FORM-032/18 Vedtak:

1. Førde bystyre tilrår Statens vegvesen å innføre betaling for nullutsleppskøyretøy ved bompasseringar i Førdepakken. Satsen for køyretøy i takstgruppe 1 bør vere 50% av takst etter brikkerabatt.
2. Førde bystyre ber Statens vegvesen og Ferde AS starte prosess for lokalpolitisk handsaming med sikte på endeleg vedtak så snart som mogeleg.

## **Bakgrunn for saka:**

I juni 2018 handsama Stortinget Prop. 87 S (2017 – 2018) der ein opna opp for at nullutsleppsbilar skulle kunne betale bompengar – maks 50% av rabbert sats: «*Det åpnes også opp for å ta betaling for nullutslippskjøretøy i eksisterende bompengeprosjekter dersom det er lokalpolitisk tilslutning til dette.*»

Styringsgruppa for Førdepakken gjorde følgjande vedtak 26.06.2018 (sak 15/2018):

### *El-bilar og fritak*

*Bruken av el-bilar aukar og påverkar inntektene. Styringsgruppa meiner at det er naturleg at prosessen om innføring av bompengetakst for el-bil vert starta ved at Førde kommune tek initiativ overfor Statens vegvesen.*

## **Saksutgreiing:**

3. oktober 2016 tok ein til med innkrevjing av bompengar i Førdepakken etter at Stortinget hadde vedteke Førdepakken som bompengeprojekt i juni 2015. Takstane for å passere har heile tida vore 26 kr for bilar som er mindre enn 3,5 tonn når ein ikkje hadde brikke. Med brikke er prisen for desse kr 20,80. For tunge kjøretøy er prisen kr 47. Nullutsleppsbilar (el-bilar og hydrogenbilar) har heile tida hatt gratis passering. I 2017 og 2018 har Førdepakken motteke ca 10 mill kr i statstilskott kvart av åra for å redusere passeringsprisen. Utan dette tilskottet hadde det vore naudsynt å heve takstane fordi inntektene vart mindre enn det som var lagt til grunn i utrekningane.

Trafikken er høgare enn dei opprinnlege prognosene, men ettersom mange får gratis passeringar som følgje av time- og månadsregelen, låg inntektene under prognosen. Fortsatt er inntektene under det som er budsjettert. Konsekvensen av det er at nedbetalingsperioden blir lenger enn dei planlagde 12 åra om ein ikkje gjer noko med takstane eller på andre måtar aukar inntektene (betaling frå nullutsleppskjøretøy eller justering av fritaksregimet).

Følgjande budsjettføresetnadar er lagt for 2018:

- Årsdøgntrafikk (ÅDT) 18 550
- Gjennomsnittleg inntekt pr. passering kr 15,02
- Passeringsinntekt pr. mnd på 8.473.333 kr
- Passeringsinntekt i 2018 på 101.680.000 kr

Til og med juli er samla inntekter 56.517.999 kr.

Det er 2,8 mill kr lågare enn budsjett til og med juli – eller ca 4,8 mill kr ved årsslutt.

Ettersom Stortinget no har opna opp for at el- og hydrogenbilar skal kunne betale bompengar i eksisterande bomprosjekt, vil rådmannen tilrå at bystyret i Førde gjer vedtak om å tilrå slik betaling også i Førdepakken med 50% av det vanlege lette kjøretøy med brikke betalar. Nullutsleppskjøretøya vil med ei slik ordning måtte betale kr 10,40 ved passering. Dei vanlege fritaksordningane vil også gjelde for desse – timesregel og månadsregel (betaling for maks 30 passeringar i månaden).

Det er i hovudsak to grunnar for å innføre ei utvida betalingsordning:

- Inntektsgrunnlaget i Førdepakken må styrkast for å unngå at perioden med bompengebetaling blir unødig lang eller at dei kjøretøya som alt betalar bompengar må betale meir.
- Det er rimeleg at også dei som køyrer nullutsleppskjøretøy er med på å betale for den store oppgraderinga av vegsystemet i Førde. Eit vegsystem som dei også er brukarar av. Andelen nullutsleppskjøretøy aukar og med det minkar inntektsgrunnlaget for bompakken.

El- og hydrogenbilane utgjør ca 3,85% av bomplasseringane i juli 2018 eller nær 20.000 passeringar denne månaden. Ca 21% av trafikken er fritaken for betaling først og fremst som følgje av timesregel og månadsregel. Truleg vil nullutsleppskøyretøya representere vel 15.000 passeringar som gjev grunnlag for betaling. Betalingspotensialet vil som følgje av det vere 160.000 – 170.000 kr pr måned eller ca 2 mill kr i året.

	<b>April 2018</b>	<b>Juli 2018</b>
Andel passeringar fritak av totaltrafikk - elbil o.l.	22 312	19 649
Andel fritak time og måned	28 %	21 %
Tal fritakspasseringar - elbil	6 247	4 126
Passeringsgrunnlag inntekt	16 065	15 523
Pris elbil/hydrogenbil	10,40	10,40
<b>Inntekt pr. mnd</b>	<b>167 072</b>	<b>161 436</b>

Det er Statens vegvesen (Vegdirektoratet) som gjer endeleg vedtak om endra betalingsregime etter at bompengeselskapet (Ferde AS) har vurdert saka og det er blitt fatta lokalpolitiske vedtak (vertskommune, nabokommunar og fylkeskommunen).

Førde, den 13.09.2018

Lise Mari Haugen  
Rådmann

Ole John Østenstad